



KYRKJEBLADET

FOR VESTNES

NR. 3 - DESEMBER 2014

19. ÅRGANG



Av Per Audun Høget

Julenatt

Det lilla venterommet

Av Inger Marie Jakobsen Sylte

Eg vil starte denne andakta med å rette ein takk til Tresfjord barnehage som har gitt meg ein idé til eit adventsopplegg heime i vår familie. Kvar advent har Tresfjord barnehage ein eigen adventskalender liggande på eit bord. På eine enden av bordet er det ein stall, og på den andre enden står Josef, Maria og eselet. Mellom stallen og figurane er det 24 strekmerke på ein lilla duk. Kvar dag i desember blir figurane flytta slik at dei sakte, men sikkert når målet: stallen der Jesusbarnet blei fødd. På stovebordet vårt har vi gjort akkurat det same. Jesusbarnet kjem ikkje fram før 24. desember. Denne lilla vegen verkar lang for dei minste i huset...Vi ventar. Vi ser fram mot jula sitt høgdepunkt: eit lite barn i ein stall. Kvart år når desember startar, tenker eg at dette er ein genistrek gjort av Gud: Han kom ned til oss som eit lite barn. Eit barn som måtte bli bore. Ein som måtte lære alt vi vanlege menneske må; ete, gå,

snakke og vekse. Ein som måtte bli trøysta. Jesus måtte sjølv gå gjennom alle sidene av eit menneskeliv.

I ei bok eg las for litt sidan, fann eg ei god setning som eg vil halde opp for meg sjølv og for kvar enkelt eg møter. Det er ei setning som høver veldig godt til jula. Det er forfattar Gunnar Edman som kom med desse viktige orda like før han døydd: "Det spiller ikke stor rolle om alt jeg har skrevet blir glemt, bare man husker disse få ordene: Barnet som bæres, bærer den voksne". Den setninga er ei andakt i seg sjølv og passar godt i det lilla venterommet som vi er i.

La oss vandre saman og sjå fram mot høgdepunktet. La oss våge å bli borne av Han som sjølv blei boren som barn, slik at vi kan bli inspirerte til å gi omsorg og spreie Guds godheit til dei som er rundt oss.

Johannesprologen (Joh. 1,1-18)

Ordet vart menneske

I opphavet var Ordet,
Ordet var hos Gud,
og Ordet var Gud.
Han var i opphavet hos Gud.
Alt vart til ved han,
og utan han vart ikkje noko til.
Det som vart til
i han, var liv,
og livet var lyset for menneska.
Lyset skin i mørkret,
og mørkret har ikkje overvunne det.

Eit menneske stod fram, utsendt av Gud;
namnet hans var Johannes.
Han kom for å vitna.
Han skulle vitna om lyset,
så alle kunne koma til tru ved han.
Han sjølv var ikkje lyset,
men han skulle vitna om lyset.

Det sanne lyset,
som lyser for kvart menneske,
kom no til verda.
Han var i verda,
og verda vart til ved han,
og verda kjende han ikkje.
Han kom til sitt eige

og hans eigne tok ikkje imot han.
Men alle som tok imot han,
dei gav han rett til å bli Guds born,
dei som trur på namnet hans.
Dei er ikkje fødte av kjøt og blod,
ikkje av menneskevilje
og ikkje av manns vilje,
men av Gud.

Og Ordet vart menneske
og tok bustad mellom oss.
Og vi såg hans herlegdom,
ein herlegdom som den einborne Sonen
har frå Far sin full av nåde og sanning.

Johannes vitnar om han og ropar ut:
«Det var om han eg sa:
Han som kjem etter meg, er komen før meg,
for han var til før meg.»
Av hans overflod har vi alle fått,
nåde over nåde.
For lova vart gjeven ved Moses,
nåden og sanninga kom ved Jesus Kristus.
Ingen har nokon gong sett Gud,
men den einborne, som er Gud,
og som er i fanget til Far,
han har synt oss kven han er.

”Julenatt” måla av Per Audun Høgset

Ved Kari Moe Elgsaas

Framsídeillustrasjonen i dette advent- og julenummeret, ”Julenatt” av Per Audun Høgset, måla i akryl på lerret i 2010, må seiast å vere eit utradisjonelt julenattbilet. Det vanlegaste julenattmotivet frå Betlehemsmarkene gjennom hundreåra viser idyllen i stallen med barnet i krybba, lykkelege foreldre, rolege dyr, gjetarar og vismenn, englar på himmelen og stjerna over. Dette kjende og konkrete, men statiske motivet, frydar vi oss over frå tidlege barneår.

Per Audun vil derimot, slik eg ser det, utvide julenattforteljinga med sitt måleri og understreke at Jesu fødsel har konsekvensar for alle menneske til alle tider. Han vil såleis formidle ei meir dynamisk forståing av den historiske juleatta. For å få fram dette tek han i bruk ei abstrakt og symbolsk framstilling. I formidlinga hans dominerer englehæren og Betlehem-stjerna. Slik vektlegg måleriet med styrke at Gud er til stades. Gud blir synleg som kraft gjennom den enorme englehæren og den store, lysande stjerna.

I tradisjonen blir Gud ofte framstilt som ein mannsperson med autoritet i ansiktsuttrykk og kroppshaldning. Her blir gudsautoriteten skildra som ei lyskjelde, og englane står meir fram som lys enn som form. Lyskjelda skin og strålar over både englane på himmelen og menneska på jorda. Menneske til alle tider blir framstilt i nedre biletkant, eller kanskje det er rettast å seie i framgrunnen, av måleriet. Ved hjelp av fargebruken, mørkare og gråare fargar, og perspektivet, ser vi at menneska er talrike, ein stor hær dei også, utan å skygge for englane og stjerna.

Det mest interessante i måleriet er, etter mitt syn, formidlinga Per Audun nyttar til å måle inn Jesu fødsel. Nedst i høgre biletkant ser vi Jesusbarnet midt inne i menneske-

mengda, menneskekvardagen. Om biletet viser Jesusbarnet og Maria i miniatyrtgåve, eller om det viser Jesusbarnet framleis inne i den verande livmora, altså rett før fødselen, skal vere usagt her. Kva vil i så fall måleriet seie oss då? Måleriet kan tolkast på begge måtar, og det opnar heilt sikkert for andre tolkingar også. Dette avheng av auga som ser, og vår oppfatning av bodskapen biletet uttrykker. Vi kan likevel ikkje unngå å legge merke til at i dette minibiletet av Jesusbarnet ser vi same fargar som i lyskjelda og i englehæren. Jesusbarnet kjem altså frå, og er, ein del av guddommen. Samtidig finn vi her eit innslag av den raudbrune fargen i menneskemengda. Jesusbarnet er også eit vanleg menneske.

Alt i alt kan måleriet vere eit alternativ og eit supplement til dei tradisjonelle, idylliske julenattillustrasjonane. Og sidan måleriet er utradisjonelt i motiv og fargeval, er det av den grunn tankevekkande. Kanskje det difor i større grad appellerer meir til vaksne enn til barn. Eg meiner måleriet vil formidle at guddommen, her framstilt som lyskjelde omgitt av ein englehær, er til stades til alle tider og for alle menneske, ikkje berre i den eine historiske natta på eit avgrensa geografisk område. Slik er det anten menneska i framgrunnen vender seg mot han eller frå han.



Eit lite dikt om det å leve

Tekst og bilete: Per Audun Høgset

ingenting av ingenting
er eit florlett sjal
av markblomar
og varme vindar
alt av alt
er ei rustning,
som du kler deg med
den dagen livet slit i stykke
alt av alt
og let deg stå naken tilbake
skal vere ein festdag for deg

ingenting av ingenting
var du då du kom inn i våre
rom
og ingenting av ingenting
er du når du dreg herifrå
det er lettast slik,
berre det florlette sjalet
med markblomar
og varme vindar
ligg att etter deg



Våre nye sokneprestar

Intervju med Audbjørg Gjerde Lippert

Kyrkjebladet møter opp på kyrkjekontoret ein regnfull oktoberkveld for å snakke med dei to nye sokneprestane våre.

Første mai i år begynte Signe Hellevik som sokneprest for Vestnes og Fiksdal sokn. Frå 2006 hadde ho vore sokneprest for Tresfjord og Vike. Inger Marie Jakobsen Sylte tok over hennar stilling der, og har frå 1. juni vore sokneprest for Vike og Tresfjord.

Begge har budd i Vestnes i fleire år, Signe heilt frå 1994 då ho og familien kom frå Ecuador der ho og mannen Ivar var misjonærer i åtte år. Inger Marie flytta til Vestnes i 2007. Ho har hatt stillinga som trusopplæringsprest mesteparten av denne tida, sjølv om ho både har vore innom som lærar på Gjermundnes og prestevikar i prostiet i periodar.

Signe har prøvd seg på litt av kvart medan ho har budd i Vestnes. Ho har vore ungdomsskulelærar, kyrkjeverje og vikarprest i tillegg til at ho har jobba på SFO og i boligane for utviklingshemma.

Grunnutdanninga hennar er teologi, og i 2005 fullførte ho siste del av praktikum og var fullt utdanna prest. I tillegg har ho lektorkompetanse og er utdanna kateket.

Både Inger Marie og Signe har mesteparten av teologiutdanninga si frå Menighetsfakultetet i Oslo.

-Kvifor ønskte de å bli prest? Var det eit kall? vil vi vite.

Inger Marie grip ordet: Eg var kanskje ikkje så sikker på om eg skulle bli prest i utgangspunktet. Det forma seg meir undervegs. Eg var nysgjerrig på innhaldet i trua, på det som låg bak.

-Og du, Signe?

Kall er eit vanskeleg ord, men eg kan kanskje svare eit forsiktig ja på det, - ikkje nødvendigvis til det å vere prest, men meir det å bruke tid, evner og krefter innanfor kyrkjeleg samanheng, det å formidle kristendom i vid forstand. Det betyr mykje for meg.

Eg var nysgjerrig og interessert i teologi som fag. Tenkte vel først og fremst at eg skulle bruke faget i undervisningssamanheng. Etter kvart, slik situasjonen utvikla seg, fann eg ut at det ville vere fleire mulegheiter med praktikum. Eg hadde ikkje tenkt eg skulle bli prest i Vestnes, tenkte meir at eg skulle arbeide som vikarprest rundt omkring. Men så la det seg slik til rette at eg vart tilsett her, først som kapellan, så som sokneprest.

-Korleis er det å vere prest?

Spennande. Ein møter folk i alle aldrar. Det er varierende, givande. Trua gir mykje til meg sjølv, og derfor er det å vere prest eit svært meningsfylt arbeid. Eg vil gjerne bidra med å løfte opp trua, håpet og kjærleiken, seier Inger Marie.

-Er de i rolla som prest heile tida?



Nei, eg vil ikkje vere det, håper ikkje det. Rolla som småbarnsmor pregar også kvardagen min, og eg har god kontakt med andre i same situasjon, kjem det frå Inger Marie.

Signe legg til: Å vere prest er varierende. Det er få like dagar, og det er givande å møte folk i ulike livssituasjonar. Det å førebui preiker utfordrar eiga tru. Eg må vite kva eg trur på, kan ikkje formidle det eg ikkje står for sjølv. Det er sagt at dei som er svakast i trua, må bli prestar for å bli haldne faste i Ordet. (Signe ler litt når ho seier dette.) Elles er det overraskande kor trusstyrkande det er å vere liturg, gi stemmen til gamle, prøvde ord og bønner. Det er krevjande, men gir meg mykje tilbake. Når det gjeld spørsmålet om ein er prest heile tida, veit eg ikkje korleis andre ser på meg, men sjølv føler eg ikkje at eg har den rolla. Samtidig er det ein del av identiteten etter kvart, spesielt når eg er her i Vestnes, sidan eg har arbeidet mitt her.

-Liker du det?

Det er OK. Greitt nok, kjem det kort frå Signe. Pr. i dag er det godt å vere prest, ei grei rolle å ha, sjølv om ein nok av og til blir tillagd noko anna enn det ein meiner og er.

-Har de som prestar kjeppehestar, noko de brenn spesielt for?

Inger Marie: Eg er oppteken av at kyrkja skal vere ein god plass å vere, ein stad det er godt å kome til i ulike situasjonar. Eg håper at eg som prest kan gi tryggleik og støtte, ha rolla som hjelpar.

Signe nikkar samtykkande og held fram: For meg er det òg viktig å senke terskelen for nattverd. Det har nok vore ei oppfatning om at det er eit krav at trua skal vere stor, god, at ein skal vere verdig før ein går til nattverdbordet. Det må bli slutt på dette med eit A-lag og eit B-lag, vi skal vere eitt stort lag som varierer i innhald og styrke. Vi skal målast etter at Gud inviterer alle. Det er eit reelt måltid der Gud gir styrke til alle i det livet vi har. (Signe snakkar med iver.)

-I eit slikt yrke blir det vel nødvendig med prioriteringar?

Ein kan vel ikkje rekke alt ein ønskjer?

Begge tenkjer seg om, verkar kanskje litt overraska over spørsmålet. Etter litt tankar som blir utveksla, konkluderer dei i fellesskap med at oppgåvene deira stort sett er definerte. Guds-tenester, gravferd, dåp og konfirmasjon står i fokus. Svært viktig

er det òg å vere tilgjengeleg for samtalar om nokon ønskjer det. Dei nemner mykje dei gjerne skulle hatt tid til, for eksempel undervisning for vaksne, meir tid på sjukeheimen, treffetid på kafé for den del. Som prestar er dei samtidig del av ein heilskap med kyrkjelyd, sokneråd og andre tilsette. Oppgåvene må fordelast.

-Er det ein einsam jobb å vere prest? vil vi vite.

Signe tek ordet: Både einsam og ikkje. Du er einsam når du står i ein vanskeleg situasjon med teieplikt. Mange andre område er du òg aleine om i denne funksjonen, men samtidig har du ein god stab saman med deg som dreg i same lei, og du får møte og bli kjend med mange.

Inger Marie held fram: Det er godt å vere to prestar, særleg for meg som er ny. Då er vi ikkje åleine, men kan utveksle tankar, diskutere. Og som Signe seier, har vi staben rundt oss. Det er eit teamarbeid der dei ulike funksjonane jobbar med kvar sine felt, men mot eit felles mål.

-Til slutt: har de noko ønskje for kyrkja i Vestnes framover?

Prestane er samstemte i sitt syn her. Dei vil at folk i alle aldrar, men nemner spesielt barn og konfirmantar, skal føle seg heime i kyrkja, både som hus og som fellesskap. Dei ønskjer at alle skal oppleve at kyrkja har sett dei, og at dei skal bere med seg gode opplevingar om dette gjennom livet.

Signe rundar av med at ho synest ho møter mykje velvilje som prest. Ho føler at folk vil henne vel. Inger Marie nikkar stille til orda hennar.

Kyrkjebladet takkar for praten og ønskjer dei to nyttilsette sokneprestane våre lykke til i det viktige og utfordrande arbeidet dei står i.

Juletankar

av Kari Nakken

«Sjå eg forkynner ei stor glede, ei glede for alt folket». Ein fantastisk budskap, direkte frå englane over Betlehemsmarkene. Og gleda kjende dei, hyrdingane, Maria, Josef, vismennene, og sidan millionar av menneske som har fått høyre budskapen om Frelsaren som kom julenatta.

Dei herlegaste dikt og hymnar er blitt til med inspirasjon frå den store gleda og englesongen om fred på jord. I advent og juletid fyllest kyrkjer og katedrarar gong på gong av menneske som vil høyre ordet og delta i songen. Tonane varmar hjarta og gjev ein indre fred.

Men, vent litt; ikkje alle kjenner budskapen enno, og kven har helt malurt i gleda sitt beger?

Vi høyrrer om glede og fred, slår på TV og kjenner oss


Nordnorsk julesalme

Av Trygve Hoff

Velsigna du dag over fjordan.
Velsigna du lys over land.
Velsigna de evige ordan
om håp om ei utstrakt hand.
Verg dette lille du ga oss
den dagen du fløtta oss hit.
Så vi kjenne du aldri vil la oss
forkomme i armod og slit.

Vi levde med hua i handa
men hadde så sterk ei tru.
Og ett har vi visselig sanna:
Vi er hardhaua vi som du.
No har vi den hardaste ria,
vi slit med å karre oss frem
Mot lyset og adventsti'a
d'e langt sør te Betlehem.

Guds fred over fjellet og åsen.
La det gro der vi bygge og bor.
Guds fred over dyran på båsen
og ei frossen og karrig jord.
Du ser oss i mørketidslandet,
du signe med evige ord
husan og fjellet og vannet
og folket som lever her nord.



makteslause over den store vondskapen på jorda. Er vitne til kampen mellom det vonde og det gode.

Alltid står desse kreftene mot kvarandre, men mørkret kan ikkje vinne over Lyset som kom til verda. Vi inviterer Lyset inn i våre liv, han som er lykt for vår fot og lys på vår sti, så får vi på forunderleg vis leve i skinet frå den første julenatta.

Min julesalme

Ved Kari Nakken



Kjellaug Liabø svarer slik på spørsmålet om det er ein julesalme som betyr mykje for henne:

"Som alltid er det vanskeleg å velje ein salme mellom så mange fine. Den som likevel må bli nummer ein, er « No koma Guds englar med helsing i sky » av Elias Blix. Det er ein salme

som vekker gode minne frå tidlegare tider, og som betyr mykje for meg den dag i dag. Salmen er i grunnen eit samandrag av juleevangeliet og fortel oss kvifor vi feirar jul, men eigentleg synest eg han dekkjer meir, ja at han inneheld det mest sentrale i den kristne trua vår".

No koma Guds Englar Av Elias Blix

No koma Guds Englar med Helsing i Sky,
Guds Fred og Velsigning dei bjoda.
No stig ifrå Jordi ein Helgasong ny,
Som skal gjennom Himmelen ljoda:
Guds Fred og vel møtt,
Du Barn, som er født!
Vår Fredsfyrste høgt vere lova!

Der ute ligg Jordi so isende kald,
Og Trea stend svarte i Skogen.
Men Isai Stuv, som til Frelsa er vald,
Skyt Livskvisten fager og mogen.
Guds Fred med den Tein
Av grønkannde Grein!
Vår Fredsfyrste høgt vere lova!

Lat Gjetordet ganga frå Grend og til Grend,
So vide som Tunga kann mæla,
om Sonen, som er oss frå Himmelen send
All Verda til Siger og Sæla!
Syng ut i kvar Bygd:
Guds Fred ifrå Høgd!
Vår Fredsfyrste høgt vere lova!

Til Frelsa den Fyrste er kora og krynd
Og komen til Løysning og Lukka
For Menneskeborn, som er fødde i Synd
Og alt uti Vogga må sukka.
Guds Fred med dei Små,
Som honom fekk sjå!
Vår Fredsfyrste høgt vere lova!

No Stjerna frå Betlehem lyser um Land
Frå Høgslal til armaste Hytta.
Det ljosnar so vent over Dalar og Strand,
Der inn hennar Strålar få glytta.
Guds Fred over Mold!
Vår Sol og vår Skjold,
Vår Fredsfyrste høgt vere lova!

Den Freden meg fylgje frå Vogga til Grav,
Meg hugge i såraste Suter!
So segjer eg, når eg frå Verdi fer av
Og døyande Hovudet luter:
Guds Fred og farvell!
No sovsnar eg sæl.
Vår Fredsfyrste høgt vere lova!

I djupaste Mørker vart Himmelen klår,
Då Stjerna av Jakob seg viste.
I hardaste Vetter det grønkar som Vår,
Og fagraste Knupp spring av Kviste.
Guds Fred og god Jol
Med Sumar og Sol!
Vår Fredsfyrste høgt vere lova!

No ljodar ein Lovsong frå alle Guds Born,
På alle Folks Tungor dei kveda.
So vida som Klokkorna tima frå Torn,
Stig Tonar av Hugnad og Gleda.
Alt kling som i Kor:
Guds Fred over Jord!
Vår Fredsfyrste høgt vere lova!



Konfirmantane sin favorittjulesong

Konfirmantlærer Nina Kvernmo utfordra konfirmantane frå Tresfjord og Vike om kva julesong dei syntest var fin, og dei kom med tre forslag: Julekveldsvisa, Eit barn er fødd i Betlehem og Tenn lys. Av desse var det Tenn Lys som vann, og grunngjevinga var at den har dei sunge på skulen kvart år i adventstida.

Tenn lys!

1. Tenn lys! Et lys skal brenne for denne lille jord,
den blanke himmelstjerne der vi og alle bor.
Må alle dele håpet så gode ting kan skje.
Må jord og himmel møtes. Et lys er tent for det.

2. Tenn lys! To lys skal skinne for kjærlighet og tro,
for dem som viser omsorg og alltid bygger bro.
Må fanger få sin frihet og flyktninger et hjem.
Tenn lys for dem som gråter og dem som trøster dem.

3. Tenn lys! Tre lys skal flamme for alle som må slåss
for rettferd og for frihet. De trenger hjelp fra oss.
Må ingen miste motet før alle folk er ett.
Tenn lys for dem som kjemper for frihet og for rett.

4. Tenn lys! Nå stråler alle de fire lys for ham
som elsker alt som lever, hver løve og hvert lam.
Tenn lys for himmelkongen som gjeterflokkene så!
Nå møtes jord og himmel i barnet, lagt på strå!

Lys Vaken i Vestnes kyrkje

Av Ingvild Venås Sanchez, trusopplærar

Kvart år kjem 6. klassingar for å delta på Lys Vaken-arrangement i kyrkjer rundt omkring i heile landet. Lys Vaken er ofte lagt til den første helga i advent, og er ei feiring av det nye kyrkjeåret som byrjar då. Lys Vaken handlar om å vere Lys Vaken for det som skjer, lys Vaken for Gud, for kvarandre og for verda.



I Vestnes vart arrangementet lagt til laurdag den 8. november. Denne kvelden møtte 25 spente 6. klassingar opp i Vestneskyrkja for å vere med på dette. Kvelden starta med velkomst, bøn og lystenning der alle fekk tenne sitt eige lys frå det store lyset i lysgloben. Vi song frå den nye salmeboka som deltakarane fekk i år, sidan det er salmar minutt for minutt på NRK 2 den første helga i advent. Konfirmantane som var med for å hjelpe til, gjorde så ein god jobb med å lede i to leikar som slo an blant ungane. Vi øvde på "Lys Vaken"-songen, først på sjølve songen, og så på dansen som høyrer til. Det var populært å danse til songen, og dei var raske til å lære seg dansen som vart framført i kyrkja dagen etter under gudstenesta. Deretter var det bibelfortelling om Jesus som 12-åring i templet. Denne historia fekk 11-åringane dramatisere, og det gjorde dei med stort engasjement. Så var det tid for pizza, som nokre av foreldra hadde fått ansvar for å ordne. Det var godt med ein matbit før vi tok til med den siste delen av programmet. Ungane hadde med lommelykter, og i eit



mørklagt kyrkjerom skulle dei finne refleksar med delar av eit bibelvers (Sal 119,105) som dei skulle sette saman. Spanande var det òg med ei historie ute på kyrkjegarden og tur opp i tårnet. Som trusopplæaren hadde lova, var det òg godteri til glede for deltakarane i tillegg til klementinar og peparkaker. Som avslutning på kvelden song Solfrid Elin Sævareid "Som når eit barn kommer hjem om kvelden", og Bernt Fylling spela gitar til. Alle deltakarane var lys vakne til siste slutt.

Ein stor takk til alle som bidrog med ulike oppgåver, og til foreldre som kom med mat, slik at kvelden vart ei kjekk oppleving for ungane!



Frivilligdagen - 20. september

Ein laurdag i september var Vestnes sentrum fylt til randa av ulike frivillige organisasjonar og lag. Frivilligdagen gjer det muleg å gjere seg synleg for alle interesserte. Her kan folk finne ut kva som rører seg i kommunen, og kanskje få lyst til å engasjere seg i noko ein ikkje visste om frå før, eller berre slå av ein prat med kjentfolk.

Regnet strøymde ned. Likevel var det mykje liv og røre. Kyrkja var også der. Her kunne ein få informasjon om noko av det arbeidet som vert drive: babysong, Lys Vaken, musikk, gudstenesteliv og mulegheiter for å ta kontakt for samtalar. KRIK hadde ein stand ved sida av og viste fram sitt arbeid for ungdom.

Vi hadde ein aldri så liten konkurranse òg. Det er utgitt ei heilt ny salmebok i år, som dei fleste kanskje har fått med seg. Vi ville vite kor mange salmar som finst i den nye boka.

Svar: 899 salmar. Den som kom nærast svaret, var Marit Vatne,

På bildet ser vi nokre av dei tilsette på kyrkekontoret: Inger Marie J. Sylte, Tone Hvidsten, Olav Egil Tomren, Ingvild Venås Sánchez, Nina Kvernmo og Sissel Fossli Schjøtt.



Bygdeliv og snille gutar

Kva las vi i jula i "gamle dagar"?

Av Per Bjørn Ellingseter

For ein som hadde barndomsåra sine i tida før TV-apparata tok plass i dei norske heimane, hadde nok "dagleglivet" i jula ein heilt annan karakter enn det vi er vitne til i dag. Då fjernsynet kom inn i stovene på 1960-talet, vart det meir eller mindre slutt på at folk laga seg tidtrøyte sjølve, både i jula og elles. Erik Bye, Rolf Kirkvaag, Odd Grythe, Alf Prøysen og mange andre kom etter kvart inn i husa til oss, og vart våre nye familiemedlemmer.

Kva brukte vi så tida til i juleferien før skjermane kom? Eg er sikker på, utan at eg kan dokumentere det, at vi leika mykje meir ute enn det borna gjer no. Men dagane var korte midtvinters, den gongen som no, og kveldane tilsvarende lange. Vi lytta sjølvstyk mykje på radio, men for min del vart mykje av tida nytta til lesing.

Julehefta var ein sjølvskriven del av julelesnaden. Eg må innrømme at mange av julehefta for vaksne ikkje høyrde med mellom favorittane mine. "Samenes venn", "Fiskerens venn", "Bondens jul" og "Jul i bygda" var mellom dei titlane som eg ikkje studerte med særleg interesse. Eit heiderleg unntak i denne gruppa var "Jul i Romsdal". Der kunne det vere forteljingar, dikt eller teikningar av folk frå nærområda våre, kanskje endå til folk som eg visste kven var. Mykje av stoffet i dette juleheftet var knytt til lokalmiljø som eg kunne kjenne meg att i.

Annleis var det med dei julehefta som var laga spesielt for born. Misjonsbarnebladet "Snøklukka" og søndagsskulebladet sitt julenummer kunne ofte ha stoff som eg likte. Det same med barnebladet

"Magne", som vart utgjeve av fråhaldsrørsla. Det var likevel eitt blad som eg særleg venta på i dagane før jul, og det var Norsk Barneblad sitt julenummer "Juletre". Det bladet hadde spanande forteljingar av mange av dei fremste barnebokforfattarane på den tida, og ikkje minst flotte illustrasjonar av den flinke teiknaren Jens R. Nielsen. Han sette elles sterkt preg på julelesnaden min, for han var også den som illustrerte teikneseriehefta "Smørbutikk", "Tuss og Troll" og "Vangsgutane", ikkje minst. Den sistnemnde serien kom til på grunn av at redaktøren i Nynorsk Vekeblad ville ha ei heilnorsk motvekt mot dei amerikanske rampegutane "Knoll og Tott". Dette førte til at Steinar og Kåre Vangen kanskje vart i overkant snille gutar, i motsetnad til "skurkane" Larris og far hans, Martin Sjørhagen. "Ingeniør Knut Berg på eventyr" var ein spanande science fiction-teikneserie med handling frå fjerne himmelstrøk, og endå til frå verdsrommet.

På den tida marknadsførte bokhandlarane varene sine med at "bøker er den beste julegave". Dette slagordet likte eg godt, og gjer det for så vidt framleis. Eg gledde meg stort over alle dei julepakane som hadde slik fasong at det ikkje var tvil om at det var bøker dei inneheldt. Bøkene til dei yngste lesarane var den tida gjerne delte i "barnebøker", "guttebøker", "pikebøker" og "ungdomsbøker". Alle dei større forlaga hadde spesielle design og serienamn på bøkene sine: "Gyldendals gode guttebøker" (GGG-bøkene), "Aschehous' utvalgte for piker" osv. Mange av desse bøkene var klassiske barnebøker, omsette frå andre språk. Norsk Barneblads forlag hadde mange gode bøker, både av nynorskforfattarar og om-



sette klassikarar. For oss som lærte nynorsk på skulen, var nok desse bøkene ei god starthjelp til å gjere mange av oss glade i nynorsk språk og skriftkultur. Eg trur elles at lærarane den gongen la stor vekt på at mesteparten av utlånsbøkene i skuleboksamlinga skulle vere på nynorsk. Det gjekk lenge før eg oppdaga at "Jorda rundt i kavbåt" var den nynorske tittelen på den meir kjende "En verdensomseiling under havet" av den franske forfatteren Jules Verne. Serielitteraturen, også for barn, gjorde sitt inntog på denne tida, med "Hardy-guttene" for gutane og "Frøken Detektiv" for jentene. Desse figurane, saman med "Donald Duck" og cowboy-hefta, stod nok ikkje så høgt i kurs mellom foreldre og lærarar, men dei fann snart plassen sin i mengda av den lesnaden vi "forbrukte".

Ja, slik var det den gongen. Kanskje kan dette vekke minne hos nokre av lesarane. Alt er endra, men eg ser likevel med glede at mange av dagens born og unge framleis finn hugnad i ord og bilete som kan lesast på papir. Julehefte med tekstar om snille gutar og bygderomantikkk står nok ikkje så høgt i kurs lenger, men det er å håpe at vår tids mediepåverknad vil gje dei unge like mykje kjekt å sjå tilbake på som det vi har, vi som voks opp i etterkrigstida.



Julefeiring i Nepal

Av Ingvild Venås Sánchez, trusopplærar som var misjonær i Nepal i 2010 og 2011.



Nepalisk dans under utendørs evangelisering i førjulstida.

I Noreg er vi oppvaksne med ei rekkje tradisjonar for julefeiringa. I Nepal, der den største religionen er hinduismen, og hindu-templa er på kvart eit gatehjørne, er juletradisjonane av nyare årgang. Grensene i Nepal var lenge stengde for kristne, men i 1954 vart dei opna slik at kristent helsepersonell og kristne ingeniørar fekk kome inn. Sidan då har dei kristne vore i sterk vekst. Nepal er eit av dei landa i verda med størst vekst av kristne. Dei seinare åra har 1. juledag også vore fridag og heilagdag i Nepal. Julefeiringa for dei kristne er i hovudsak denne dagen. Då samlast dei i kyrkjene sine og har gudsteneste, og så et dei middag i kyrkja etterpå. Maten er tradisjonell mat (dal bat) med ris, linser og godt krydra grønnsaker, og sidan det er fest, serverer ein også kjøtt. 1. juledag er ikkje berre ein familiedag, men ein dag der ein samlast som den utvida, kristne familien. Fokuset er på julebodskapen om at Gud kom til jorda og vart menneske gjennom sin son Jesus. Dei syng òg julesongar, nokre melodiar er innførte av

misjonærar, men mange av julesongane har melodiar frå Nepal. Den kommersielle jula med julenissar og juletre har òg kome til Nepal dei seinare åra. Difor har ein del kyrkjer i tida før jul hatt evangeliseringsopplegg ute med julespel, julesongar og appellar for å formidle den kristne julebodskapen, ettersom det er mange i Nepal som ikkje har høyrte om Jesus, og trur at jula handlar om julenissar og gåver.

Eg tykkjer det engelske ordet for jul, Christmas, kristusmesse, får uttrykt betre kva den kristne jula handlar om. I Nepal heiter det òg Christmas, og julefeiringa deira handlar om nettopp det, ei feiring av Jesus som kom til oss. Det er mykje større enn alle dei gåvene vi gir kvarandre her i Noreg, for Jesus er den største gåva vi menneske har fått. Og han har kome for oss alle, om vi er frå Noreg eller Nepal.



Julestjernebusk i blomstring

Mot Santiago de compostela

Frå Le Puy til Nasbinals

Tekst og foto: Audbjørg Gjerde Lippert

Pilegrimsvegen til Santiago de Compostela har mange "startpunkt". Gjennom tidene har mange begynt vandringa frå Le Puy i Frankrike mot apostelen Jakobs grav i katedralen i Santiago, eller om ein vil, mot Finisterre på den spanske vestkysten der himmel og hav møtest. I Notre Dame-katedralen i Le Puy finn ein "den sorte



Le Puy-en-Velay.

madonna med Jesusbarnet" på høgalteret. Her kan den som ønskjer det, delta på morgonmesse og deretter bli velsigna som pilegrim før ein dreg ut gjennom hovuddøra mot vest. Med seg får ein ei gåve frå katedralen, eit lite kamskjel i metall, symbolet for apostelen Jakob. Litt nord for katedralen ligg det kjende Chapelle Saint-Michel, eit meisterverk på toppen av ei 82 meter høg klippe. Kapellet er vanskeleg tilgjengeleg, sjølv om det går trapper som

snor seg langs klippekanten, opp til det. Det var biskopen av Le Puy-en-Velay, Gotheschalk, som lét det bygge i 961 etter ei pilegrimsferd til Santiago.

Denne første delen av caminoen går i eit bølgiande, vakkert landskap over høgsetta Massif Central i Midt-Frankrike. I dette gjestmilde terrenget går vel dei fleste i snitt 25 kilometer om dagen. Ein følgjer stien som er godt oppmerka med kvite og raude strekar over kvarandre. Ser ein dette teiknet, veit ein at ein er på rett veg. Mange inntrykk møter pilegrimen undervegs: kors med rosenkransar, statuar av Jesus og Jomfru Maria, vakre små kapell og større kyrkjer i byane. Vakre glasmaleri går igjen i mange av dei. Ein er tett på naturen: frodige skogar, vide markar med jordbruksland, beitande kyr og sauer, og små idylliske landsbyar som er vevd inn i dette som små perler.

Mens ein går der i si eiga verd, oppdagar ein mange slags lydar. Høgspentmaster syng sin song saman med vind, pilegrimar



Vegmerking mot Santiago.



Kyrkjeklokker langs vegen.

og kyrkjeklokker. Regn som duskar ned, og dropar som renn frå blada ned i sølepyttar, har sin eigen, rolege tone. Ein høyrer rauting og knegging, breking, gøyning og knurring saman med song frå småfuglar. Hanegal høyrer ein dagen lang. Føter som går, taktfaste slag frå stavar eller kamskjel som dansar bak på sekken, fortel om vandrarar framføre eller bak. Lydar frå traktorar og bilar bryt stillheita innimellom og minner om at ein framleis er her i verda. Til saman blir dette eit mangfald av lydar og tonar som i eit kor der alle stemmer er med.

Fargeskalaen er vid. Lysande raude valmuar, tindrande blåklokker eller dag-og-natt i ein vegkant, kornblomster eller kuletistlar, gule dahlia og nattlys saman med oransje ringblomster, eit vell av fargar der cosmosen blomstrar, og det er mange stader, modne,



Trerøter som vegdekke.

gylne markar etter slått, der høypallane ligg tette og vakre som skulpturar, grå eller gylne vegar og hus med høge, vaiande stokkroser, mest i lillarosa, som strekkjer seg oppover husveggar og murar. Eit artig fenomen er dei raude teglsteinstaka i dei austlege områda som blir til grå skifter med "kinavipp" så snart ein har passert grensa til departementet Lozère. Men mest av alt er det grønt, frodig og irgrønt. Over det heile ligg blå himmel med drivande, kvite skyar som enkelte stader speglar seg i vasspyttar, for plutsleg hyllar yr og skodde landskapet inn og gjer fargane mjuke og duse der ein vandrar i ei mystisk, spennande verd som ein ikkje heilt greier å skjelne før ein er tett innpå. Er ein oppe før dagen



Eventyrlandskap for vandrar i yr og skodde.

heilt har grydd, kan ein sjå lysande, raud himmel med kyr i silhuett mot horisonten; - eit uendeleg vakkert syn.

Ein møter folk frå nær og fjern langs caminoen på veg mot Saint Jacques som er franskmennene sitt namn på den heilage Jakob. Mest vane er vi vel med å høyre Sant Iago, den spanske utgåva, som har gitt namn til byen Santiago de Compostella.

På vegen går enkeltpersonar, par og små grupper av menn og/eller kvinner. Dei fleste er klart franske. Ein veksler gjerne nokre ord her og der, blir ønskt "godt mot" eller "god vandring". Ofte treffer ein på dei same pilegrimane fleire stader, og ein føler etter kvart eit samhald med desse medvandrane som går same "løype", og som gjerne overnattar i same by og innimellom på same herberge eller hotell. Då skjønner ein at det er selskapet "La Pèlerine" som står bak, men av og til møter ein personar som organiserer og ber alt sjølv.

Dei fleste startar på morgonen etter ein god frukost, ofte enkel, men i alle fall med bagette og croissant i tillegg til kaffi og varm mjølk (café au lait). Det er gjerne nokre lokale ostar og pølser i tillegg. Med denne gode starten er ein klar for nokre timars vandring i det tempoet som passar kvar enkelt. Bagasjen blir køyrd til neste hotell av eit transportbyrå, slik at ein sjølv berre ber ein dagssekk. Mykje ligg godt til rette for dagens pilegrimar. Ein har god tid og treng sjeldan stress for å vere framme ved neste stopp.




Chapelle Saint-Michel.


Dei fleste stader finn ein enkle barar undervegs der ein kan få kjøpt ein Quiche lorraine (ostepai med bacon), ostesmørbrød eller pizza. Elles er det greitt med eit lite nød-lager som ein kan forsyne seg av kvar som helst, på ein stein i vegkanten eller på ein bar der ein får kjøpt drikke til. Er ein i eit system med halvpensjon, som mange er, ventar god tre rettars middag i kveldinga, gjerne med spesialitetar frå distriktet.

Vegen til Santiago er delt inn i mange etappar, og det er opp til kvar enkelt kor langt ein vel å gå. Mange går nokre mil i året og held fram der ein slapp, neste år, eller ein "hoppa" til ein ny stad og prøver ut eit anna område.

Det kan vere ulike grunnar for å dra på pilegrimsferd, og kanskje det ikkje alltid er religiøse motiv som er i fokus i utgangspunktet. Sjølv vandringa vil gi ro og høve til refleksjon, og tanken på alle som gjennom fleire hundreår har vandra på den same stien mot det same målet, kan gjere sin verknad på oss. Ei pilegrimsvandring er jo at ein bryt opp frå noko for å vandre mot eit heilagt mål.



Sol og skugge på vegen.



Glasmåleri.



Blomstervell i småbyane.



Kyr som ligg i grøne enger.

Kyrkjebasaren vel i hamn

Kyrkjebasaren på Vestheim med sal av ball og bacalao har vorte ein fin tradisjon. Når mørkret har festa sitt grep om kveldane og det enno er ei tid att til advent, er det duka for basar på Vestheim. I år vart det nok ein gong sett omsetjingsrekord for arrangementet.

"Vi er strålende nøgde med resultatet både når det gjeld sal av mat og lodd", seier soknerådsleiar Sindre Taklo.

"Vi har òg lukkast med å minimalisere utgiftene til basaren. Dette kan vi takke alle sponsorane våre for. I år var hovudsponsorane Vard, Kløverkjøtt og Kiwi. Vi opplever i det heile ei svært positiv stemning for basaren i alle fasar av arrangementet", held Taklo fram. Han vil takke alle som på sin måte har vore med på gjennomføringa av basaren.

"Utan loddseljarar, kakebakarar, konfirmentar og andre

velvillige hjelparar hadde vi ikkje fått til eit så vellukka arrangement", seier soknerådsleiar.

Som ei direkte følge av ein vellukka basar, er no soknerådet i ferd med å gå til innkjøp av projektorar i kyrkja. Soknerådet har, etter nøye vurdering, kome fram til ei løysing med to projektorar som skal kaste biletet mot to lerret. Lerreta vert plasserte til sides for preikestolen og ovanfor døra til dåpssakristiet. "Etter ei totalvurdering er vi trygge på at dette er den beste løysinga", seier Taklo, som vonar at arbeidet med montering vert sett i gang med det første. Kyrkjebasaren vart i si tid starta opp med tanke på å gjere soknerådet økonomisk i stand til å gjere større tiltak i kyrkja. "Vi vonar at kyrkjelyden vert nøgde med dei nye projektorane", avsluttar Taklo

Kyrkjevalet 2015

Kyrkjevalet 2015 er i gang

Det skal veljast nytt bispedømeråd i Møre bispedøme i Den norske kyrkja. Medlemmene i dei 12 bispedømeråda landet over er Kyrkjemøtet. Bispedømerådet tilset prestar og forvalter m.a. statlege løyvingar til trusopplæring og stillingar for diakoni og kateketikk. Kyrkjemøtet vedtek prioriteringar for heile kyrkja, m.a. planar for trusopplæring, gudstenestereform og framtidig organisering av kyrkja.

No gjeld det å fremje forslag til LEKE KANDIDATAR til Møre bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

Fram til 15. januar:

Kvart sokneråd har høve til å foreslå opptil fire kandidatar. Ungdomsrådet i Møre bispedøme kan foreslå kandidatar. Nominasjonskomiteens medlemmer kan foreslå ein kandidat kvar.

Kontakt gjerne sokneråd og drøft kandidatar.

Dei som blir foreslått skal spørjast om dei er villige til å la seg nominere.

Fram til 1. mai:

Det er høve for andre grupper å lansere FORSLAG TIL LEKE KANDIDATLISTER.

Følgjande krav må m.a. oppfyllest:

Alternative kandidatlistar skal eigenhendig underskrivast av minst 150 stemmeberettigta forslagsstillarar frå minst tre ulike sokn i bispedømet.

Alternative vallister skal vere utfyllt med minst 7 og maksimalt 18 ulike namn i prioritert rekkefølge.

Jf. Valgreglane § 2-7.

Nominasjonskomiteen for leke har bruk for *OPPLYSNINGAR OM KANDIDATANE*.

Kandidatane fyller sjølv ut «Skjema for presentasjon»

Sjå www.kirken.no/more/ gå til Kirkevalg 2015.

Valrådet i Møre bispedøme



Itte no knussel

Av Barbra Ring (1870-1955)



Rik og barnlaus satt Marte Svennerud, landhandlersken, på Svennerud gård og holdt bygdas tøyler i si hand.

Kunne folk betale, inn-drev Marte Svennerud ubarmhjertig like til siste øre. Kunne de ikke

betale, slo hun en strek over hele regnskapet. «Itte no knussel,» sa Marte Svennerud.

Så hendte det like under jul at lærer Hansen døde, og enka satt igjen med sju uforsørgede - i reine armoda. Presten sendte liste rundt for å få penger til begravelsen og til å betale husleia. Lista kom sjølsagt først til Marte Svennerud; den oppmerksomhet skyldte bygda henne. Men videre kom den heller aldri. Den gikk tilbake til presten med den påskrift:

«Je bitaler itte no knussel

Marte Svenneru.»

Så lite knuslet som Marte Svennerud var, så sparte hun alltid på d-en i Svennerud.

«Det der kunne bare én i hele bygda ha skrevet, og det er Marte Svennerud,» sa presten - han satte et komma etter «bitaler».

Så lot Marte Svennerud spenne for, benka sin mektige person på baksetet, og fylte hele sluffa med små og store poser fra butikken, og så kjørte hun på kondolansevisitt til lærer Hansens enke.

Hvis noen etter den visitt hadde spurt lærer Hansens barn om hvordan det vakreste kvinnfolk i verda så ut, så ville de alle sammen ha forsikra at hun hadde tre haker og små lyseblå øyne - sånn som Marte Svennerud.

Men lillejulaftens morgen glei lærer Hansens enke i kjellertrappa, falt ned og slo seg så hun døde fra barneflokken sin noen timer etter. Presten henta alle sju til prestegården; og sammenkalte i hui og hast et møte av bygdas beste menn - til dem regnes først og fremst Marte Svennerud - for å høre om noen av dem var villig til å ta til seg et av lærer Hansens barn.

Møtet hadde ikke vart lenge før alle sju var anbrakt. Bygdas hjertelag var stort.

Imens satt barna i prestegårdskjøkkenet og spilte gnav. «Det er best de får noe annet å tenke på, krypet - og gnav er et uskyldig spill,» sa prestens husholderske. De hadde spist opp alle rosinene de hadde fått å spille om. De satt og lytta til røstene inne i prestens kontor. De største skjønnte godt hva det dreide seg om. Med ett sa Nils, en liten lyslugga med gløgge øyne og minst mulig til nese:

«Vi spiller om hvem som kommer til Marte Svennerud. Hu tar nok en av oss.»

Spillet begynte. De var så spent som om det gjaldt livet. Å komme til Marte Svennerud var nesten som å komme like lukt i paradiset. Mikkell, den eldste, vant. Den yngste tok til å gråte: «Mei osså vil til Marte Fenneru!» Men gråten stanset brått. Det gikk i døra til kontoret.

Marte Svennerud kom ut. Det sa seg sjøl at hun skulle velge først. Hun satte seg ned og lot sine små lyse øyne vandre rundt på alle sammen. En gang til - rundt på alle sammen. Hun stanset ved Nils. «Namnet ditt?» spurte hun.

«Nils Ezekiel Hansen,» svarte gutten - ildrød av forventning.

«Å gammel?»

«Je fyller ti år den attende januar,» kom det kjapt.

«Vil du følge med til Svennerud og komme på butikken?»

«Ja takk,» brast det ut av Nils. Han strålte. Men så kom han til å se bort på Mikkell, som satt og svelgde og svelgde. «Takk - men,» sa Nils.

«Nå? Har du kanskje itte løst?» Marte Svennerud hørtes støtt.

«Jo - men -.» Nils skotta på nytt på Mikkell.

«Nå? Å er'e me deg?» spurte Marte Svennerud litt kvast.

«Je vil nok gjerne - men - det var Mikkell som vant deg,» sa Nils fort.

«Åforslag?» spurte Marte Svennerud uforstående.

«Vi spilte om hvem som skulle komme til Svennerud, og Mikkell vant.»

Marte Svennerud dro på smilet.

«Så du spelte bort meg, du da, Nils?»

«Ja. Je gjorde nok det.» Nils hviska og så skamfull ned.

«Åkken vant du da?»

«Ingen.» Nils så mer og mer ulykkelig ut.

«Stakkarn,» sa Marte Svennerud. «Åkken vant du da?» Hun vendte seg til en åtteåring med to lyse fletter.

Hun blei blodrød, vrei seg hit og dit og fikk møysommelig fram at hun heller ikke hadde vunnet noen.

«Var det berre han Mikkell som vant da?» spurte Marte Svennerud.

«Ja. For vi spelte ikke om andre enn deg,» hviska Nils.

«Så. Åffer spelte dere itte om andre?» Marte Svenneruds lyseblå øyne titta nysgjerrig ut av det runde lyserøde ansiktet.

«For vi ville helst være hos deg alle sammen,» svarte Nils.

«Jaså,» sa Marte Svennerud og så ettertenksomt ut av vinduet.

«Jaså,» sa hun en gang til - hun kneip munnen sammen, reiste seg brått - og gikk uten å si mer.

Barna så på hverandre. De ble sittende reint tause - i skrekk for at hun skulle være blitt sint og ikke ville ha noen av dem.

Men Marte Svennerud gikk inn i kontoret og satte seg ned ved siden av presten.

«Je tar alle sju. Itte no knussel!» sa hun myndig og slo handa i bordet.

Da Marte Svennerud ei stund etter kjørte ut av prestegården med sluffa stuvende full av unger, og bygdas gode menn satt i sine sleder og venta - for etter gammel skikk å la Marte Svennerud kjøre først - trådte presten ned av trappa.

«Nå et hurra for Marte Svennerud!» ropte han og svinga kalotten. Og da det hurra var slutt, svinga han den en gang til.

«En gang til. Itte no knussel!» smilte presten.

Og hurra blei det ropt så lenge den breie ryggen til Marte Svennerud var synlig fra prestegårdstrappa.

Fra Fnugg, 1909

Konfirmantane aktive under TV-aksjonen på Vike laurdag 18. oktober

Av Liv Gisnås

Vi hadde stand utanfor butikken med tilbod om vask av bilruta til folk, med kaffi og vaffel på kjøpet. Minstepris var 50 kr, men mange gav meir. Det var konfirmantane som steikte vaflar og vaska. Dei var veldig flinke!

Det var mykje folk på butikken den dagen, og mange stoppa opp og kjøpte denne tenesta. Det var stadig fullt rundt vaffelbordet, og praten gjekk livleg. Vi fekk mange positive tilbakemeldingar på tiltaket. Folk syntest dette var kjekt.

Konsertar i desember

Vestnes kyrkje 7. des. kl.18.00,

Tomra Brass band og Sirene

Romjulskonsert i Vestnes kyrkje

28. desember kl 18:30 med

Stephanie Lippert - Hallvar Djupvik - Knut Marius Djupvik -

Bjørn Tomren - Daniel Herskedal - Marius Neset,

lokale talent og Vestnes Mandssangforening

Musikkens Venner Tomrefjord, Martin Bredin, kapellmeister



Helena vaskar, og Astrid ser etter at resultatet blir bra.



Jakob fekk det til tider travelt med å ekspedere alle kundane.

Nytt konfirmantår



Konfirmantane er no godt i gang med undervisninga, og starta opp med felles aktivitetsdag på Kråkneset.

**TUSEN TAKK
FOR AT DU BIDRO TIL
ÅRETS TV-AKSJON!**

Sammen har vi bidratt til at Agnes og over en million mennesker er sikret varig tilgang til rent vann.

Med rent vann i nærheten trenger ikke kvinner og barn gå flere timer etter vann hver dag. Det gir dem mulighet til å gå på skole og arbeid, som igjen utvikler hele samfunn.

Les mer på kirkenodhjelp.no

**VANN
FORANDRER
ALT**



Songgruppa “FORKAVA”

syng julesongar i
Vestnes kyrkje 19.12. kl.19.00

Marit-Ellen Salthammer, Janne Holseter,
Elin Dyrkorn, Linda Grønning,
Kathrin Tennøy, Liv Ingrid Hoem

Slekters gang

Vestnes kyrkje

Døpte:

24.08 Tobias Danielsen Hølgenes
14.09 Ole Sæther Ytreberg
28.09 Björk Hrafnhildadóttir Vik
28.09 Jessica Holm Arntsen
09.11 Marieke Domaas Berbé
09.11 Carl Ove Brastad
23.11 Celine Márlen Gulla Hauvik

Døde:

12.08 Unn Vigdis Bævre
16.08 Mari-Ann Ødegård
12.09 Lars Engås
16.09 Lilly Lønes
22.09 Sverre Stokkeland
06.10 Frank Oddvar Solskjær
14.10 Emmy Valborg Ranvik
15.10 Gudrun Larsen
23.11 Rolf Ulvestad

Fiksdal kyrkje

Vigde:

30.08 Silje Elisabeth Liabø og
Atle Nerhus

Døde:

14.10 Petra Ester Nakken

Tresfjord kyrkje

Døpte:

21.09 Rose Godø Bjermeland
19.10 Henrik Hovden Olsen
30.11 Tonje Lindset Øvstedal
30.11 Odd Helge Frostad
30.11 Jakob Rypdal Gjøl

Vigde:

06.09 Ingrid Skjeggstad og
Anders Jørn Neraas

Døde:

15.08 Agnes Marie Mjøs
18.08 Gotfred Bergum
05.10 Leif Bjermeland

Vike kyrkje

Døde:

18.09 Geir Lindset

VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag - torsdag kl. 08.30-15.00

Telefaks: 71184231

Signe Hellevik, sokneprest

Telefon: 71184234 / 91123045

E-post: signe.hellevik@vestnes.kommune.no

Inger Marie Jakobsen Sylte, sokneprest

Telefon 71184236 / 99717442

E-post: inger.marie.sylte@vestnes.kommune.no

Reidun Blø, kontorsekretær

Telefon: 71184232

E-post: reidun.blo@vestnes.kommune.no

Olav Egil Tomren, kyrkjevevje

Telefon: 71184235 / 91629416

E-post: kyrkjevevje@vestnes.kommune.no

Tone Hvidsten, vikar for diakon

Telefon: 71184237

E-post: diakon@vestnes.kommune.no

Sissel Schiøtt, kantor

Telefon: 71184230 / 95270346

E-post: sissel.schiott@vestnes.kommune.no

Ingvild Venås Sánchez, trusopplærer

Telefon 71184238 / 41472908

E-post: kyrkjelydspedagog@vestnes.kommune.no

Nina Kvernmo, konfirmanlærer

Telefon: 95231698

E-post: nkvernmo@online.no

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:

www.vestnes.kyrkja.no

KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Kaare Lervik, Audbjørg Gjerde Lippert,
Kari Moe Elgsaas, Kari Nakken og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret, 6390 Vestnes

kyrkjebladet.vestnes@gmail.com

*

*Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag til stoff
eller noko dei vil ha med i Kyrkjebladet, til å ta
kontakt med redaksjonen. Takk!*

*Gåver til drift og distribusjon av kyrkjebladet er kjærkomne.
Kontonummer 4056.20.62124*



Gudstenester i Vestnes

(med atterhald om evt. endringar)

14. des. 3. s. i advent
Tresfjord trygdeheim kl 11.00
Nattverdsgudsteneste.

Adventskonsertar i:

14. des. Fiksdal kyrkje kl. 15.00
14. des. Vike kyrkje kl. 17.00
14. des. Vestnes kyrkje kl 19.00
21. des. Tresfjord kyrkje kl. 19.00

21. des. 4. s. i advent
Vestnes sjukeheim kl 11.00
Nattverdsgudsteneste.

24. des. Julaftan
Tresfjord kyrkje kl 14.00
Julaftangudsteneste.
Takkoffer til Barne- og ungdomsarbeidet i soknet.

Vike kyrkje kl. 16.00
Julaftangudsteneste.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Vestnes kyrkje kl. 14.00
Julaftangudsteneste.
Takkoffer til Redd Barna.

Vestnes kyrkje kl. 16.00
Julaftangudsteneste.
Takkoffer til Kirkens SOS.

25. des. 1. juledag
Fiksdal kyrkje kl. 12.00
Høgmesse. Takkoffer til
Det Norske Misjonsselskap.

Vestnes kyrkje kl. 12.00
Høgmesse.
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

26. des. Stefanusdag/ 2. juledag
Tresfjord kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer til
Det Norske Misjonsselskap.

28. des. Romjuls søndag
Vestnes kyrkje kl. 11.00
Songgudsteneste med dåp.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

31. des. Nyårsaftan
Vestnes kyrkje kl. 22.30
Gudsteneste.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

04. jan. Kr. openberringsdag
Vike kyrkje kl. 16.00
Nyttårsfest i kyrkja.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

11. jan. 2. s. i openberringstida
Fiksdal kyrkje kl 11.00
Høgmesse. Takkoffer Normisjon.

Vestnes kyrkje kl. 18.00
Gudsteneste. Takkoffer.

18. jan. 3. s. i openberringstida
Tresfjord kyrkje kl 11.00
Høgmesse. Takkoffer.

25. jan. 4. s. i openberringstida
Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer.

01. feb. Såmannssøndag
Vike kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer til
Misjonsprosjekt i Mali.

08. feb. Kristi forkldag
Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer Bibelselskapet.
Årsmøte.

*Tomrefjord kristne
forsamlingshus kl 18.00*
Gudsteneste. Takkoffer.

15. feb. Fastelavnssøndag
Vestnes kyrkje kl. 11.00
Karnevalsgudsteneste. Takkoffer.

18. feb. Askeonsdag
Vestnes kyrkje kl. 18.00
Skriftemålgudsteneste. Takkoffer.

22. feb. 1. s. i fastetida
Tresfjord kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer.

01. mars 2. s. i fastetida
Vestnes kyrkje kl. 11.00
Tårnagentgudsteneste. Takkoffer.

08. mars 3. s. i fastetida
Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Tårnagentgudsteneste. Utdeling til
1. klasse. Takkoffer Romsdal søndags-
skulekrets.

15. mars 4. s. fastetida
Vike kyrkje kl. 11.00
Tårnagentgudsteneste. Utdeling til
1. og 3. klasse. Takkoffer til
Trusopplæringa i soknet.

Vestnes kyrkje kl. 18.00
Tomasmesse. Takkoffer.

22. mars Maria bodskapsdag
Tresfjord kyrkje kl. 11.00
Lovsonggudsteneste. Takkoffer.



Velsigna julehøgtid